



Fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

Prosjekt-/arbeidsplan

Vestlandet fylkeskommune 2020
Fellesnemnda, 18.12.2017

Innhald

| | |
|--|---|
| Innhald | 2 |
| 1. Innleiing..... | 3 |
| 1.1 Føremål med prosjekt-/arbeidsplanen | 3 |
| 1.2 Prosjekt-/arbeidsplanen si oppbygging | 3 |
| 2. Prosjektorganisering – struktur for arbeidet | 4 |
| 2.1 Prosjektorganisasjon | 4 |
| 2.2 Kort omtale av sentrale aktørar i prosjektorganisasjonen | 5 |
| 3. Arbeidsoppgåver og framdrift for fellesnemnda sitt arbeid | 6 |
| 3.1 Førebels framdrifts-/milepelsplan | 6 |
| 3.2 Etablering av nye kommunar og fylkeskommunar – KMD sin rettleiar | 9 |

1. Innleiing

1.1 Føremål med prosjekt-/arbeidsplanen

Fellesnemnda sin prosjekt-/arbeidsplan er eit overordna styringsdokument for det omfattande samanslåings- og omstillingsarbeidet i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar i perioden 2018–19. Planen syner fellesnemnda sine oppgåver og delegerte fullmakter i arbeidet med å planleggje og gjennomføre samanslåinga av dei to fylkeskommunane. Prosjekt-/arbeidsplanen er meint å vere ei løpande operasjonalisering av reglementet for fellesnemnda, vedteke av begge fylkestinga 27.10.17.

Ytterlegare målsetjingar, fokusområde og oppgåver for fellesnemnda er fastlagde gjennom den vedtekne intensjonsplanen for samanslåingsarbeidet.

Fellesnemnda sitt reglement §5 syner til at nemnda skal utarbeide ein «prosjekt- og framdriftsplan for det førebuande arbeidet, inkl. budsjett for samanslåingsprosessen». Dette dokumentet syner korleis, og når, ulike målsetjingar med arbeidet skal nåast, sentrale aktørar som er involverte i prosessen og kan også fange opp ev. uføresette kostnader knytt til arbeidet framover.

Prosjekt-/arbeidsplanen bør generelt følgjast opp ofte, og skal vere eit «levande dokument» der fellesnemnda gjer tilpassingar fortløpande.

1.2 Prosjekt-/arbeidsplanen si oppbygging


Fellesnemnda sin arbeidsplan avklarar følgjande sentrale element i prosessen:

1. Organisering.
2. Sentrale aktivitetar.
3. Tidsperspektiv.
4. Ansvar/roller.
5. Rapportering.
6. Heimel/forankring.

2. Prosjektorganisering – struktur for arbeidet

2.1 Prosjektorganisasjon

Samanslåinga vert leia av fellesnemnda, og prosessen vert gjennomført innanfor følgjande struktur:



Organisasjonskart/skisse

Fellesnemnda leiar samanslåingsarbeidet, der fylkesrådmennene nyttar ressursar i dei to lineorganisasjonane i gjennomføringa av utgreiingar og annan planleggingsaktivitet. Det vert utarbeidd ein administrativ arbeidsplan for det konkrete oppfølgingsarbeidet (detaljert plan for prosjektgruppene sine arbeidsoppdrag m.m.).

2.2 Kort omtale av sentrale aktører i prosjektorganisasjonen

Fellesnemnda (FN)

Fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar har 24 medlemmer: 15 frå fylkesutvalet i Hordaland og 9 frå fylkesutvalet i Sogn og Fjordane. Nemnda sin funksjonsperiode går fram til nytt fylkesting vert konstituert. Fylkesordføraren i Hordaland er leiar, medan fylkesordføraren i Sogn og Fjordane er nestleiar. Fellesnemnda skal, i følgje inndelingslova, ta hand om det førebauande arbeidet med økonomiplanen og budsjettet for første driftsåret etter at samanslåinga er sett i verk. Budsjettgrunnlaget for 2020 vil bli utarbeidd i regi av fellesnemnda, og lagt fram for vedtak så snart det nye fylkestinget er konstituert.

Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for fellesnemnda er fastsette i reglementet vedteke i begge fylkestinga 27.10.2017, samt i den vedtekne intensjonsplanen.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU)

Fellesnemnda sitt arbeidsutval vert leiar av nemnda sin leiar, og gjer vedtak i saker der ein ikkje treng å kalle saman heile fellesnemnda. FN-AU handsamar følgjande saker:

- a) Kurante saker utan vesentleg økonomisk eller prinsipiell betydning.
- b) Hastesaker der det er nødvendig å gjere vedtak i forkant av oppsette møte i fellesnemnda.
- c) Oppfølging av fullmakter i enkeltsaker gitt av fellesnemnda.

Partssamansett utval (PSU)

I inndelingslova §26 er det lagt vekt på at det kan opprettast partssamansette utval for handsaming av spørsmål som gjeld tilhøvet mellom den nye organisasjonen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Fylkestinga har vedteke at fellesnemnda etablerer eit slikt partssamansett utval, underlagt nemnda. Fellesnemnda har vedteke mandat for og samansetjing av utvalet: der 4 hovudtillitsvalde og 5 medlemmer frå fellesnemnda møter. Fylkesordføraren i Sogn og Fjordane leier arbeidet i PSU.

Fylkesrådmennene/prosjektleiar

Fylkesrådmennene utgjer eit felles sekretariat for fellesnemnda inntil nemnda finn det tenleg at prosjektleiar/framtidig fylkesrådmann overtek denne funksjonen.

Fylkesrådmennene/prosjektleiar har rolla som innstillande instans overfor fellesnemnda (FN) og fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU), og leier alt praktisk arbeid knytt til førebuing av samanslåinga.

Prosjektsekretariat/prosjektgrupper

Fylkesrådmennene har peika ut eit eige sekretariat med dedikerte ressursar for å sikre gjennomføringa av samanslåingsprosessen. For å ivareta aktuelle kartleggings- og utgreiingsoppgåver, vil det bli sett ned ei rekkje prosjektgrupper beståande av ressursar innanfor aktuelle fagsektorar og stabs- og fellesfunksjonar i dei to eksisterande fylkesadministrasjonane.

3. Arbeidsoppgåver og framdrift for fellesnemnda sitt arbeid

3.1 Førebels framdrifts-/milepelsplan

| | AKTIVITET | TID | ANSVAR | RAPPORTERING | HEIMEL/FORANKRING |
|----|--|----------------|------------------------|---|--------------------------------|
| 1. | <p>Fellesnemnda (FN) – etablering og oppstart (jf. sakliste):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Val av leiar og nestleiar. - Arbeidsutval (FN-AU). - Partssamansett utval (PSU). - Delegering av mynde til fylkesrådmennene/prosjektleiar. - Rekruttering av prosjektleiar/fylkesrådmann. - Møteplan. - Prosjekt-/arbeidsplan. - M.fl. saker. | 18.12.17 | Fellesnemnda (FN) | Fellesnemnda 07.03.2018 (møteprotokoll) | Reglementet §§1–6 |
| 2. | <p>Partssamansett utval (PSU) vert konstituert:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Prosess for ein omforeint omstillingsavtale startar opp. | Etter 01.01.18 | Leiar i PSU | Fellesnemnda 07.03.2018 | Reglementet §17 FN-sak 3/17 |
| 3. | Etablering av sekretariat/prosjektadministrasjon. | Etter 01.01.18 | Fylkesrådmennene (FRM) | Fellesnemnda 07.03.2018 | Reglementet §2 og §5 |
| 4. | <p>Etablering av prosjektgrupper med mandat og kritisk tidslinje for kartlegging og avklaring på m.a. følgjande område:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fokus på framtidig administrativ arbeidsform/organisering. - Reglement, rutinar, styringssystem, bygningsmessige behov m.m. - Konkretisere praktisk arbeidsdeling i den nye fylkeskommunen. | Etter 01.01.18 | FRM | Fellesnemnda 07.03.2018 (løypemelding) | Reglementet §7 |
| 5. | Omstillingsavtale vedteken: | 1.kvartal 2018 | FN | Fellesnemnda 07.03.2018 | Reglementet §17 |

| | | | | | |
|-----|--|-------------------------------------|------------------------------------|---|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> - Partssamansett utval har drøfta seg fram til eit grunnlag som fylkesrådmennene legg fram for fellesnemnda. - Informasjonsstrategi inngår i avtaledokumentet (jf. reglement §13) | | | | |
| 6. | <p>Budsjett for eingongskostnader ved fylkessamanslåinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fylkesrådmennene legg fram budsjettsak for fellesnemnda. | 1.kvartal 2018 | FN | Fellesnemnda 07.03.2018 | Reglementet §18 FN-sak 8/17 |
| 7. | Fylkesvåpen – prosessen startar opp. | 1.kvartal 2018 | FN | Fellesnemnda 07.03.2018 (løypemelding) | Reglementet §15 FN-sak 7/17 |
| 8. | <p>Tilsetjing prosjektleiar/ny fylkesrådmann – prosessen startar opp:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fellesnemnda startar opp prosessen (ev. i samarbeid med eksternt rekrutteringsbyrå). Tiltreding ettersommaren 2018. | 1.kvartal 2018 | Fellesnemnda (tilsetjingsutval) | Fellesnemnda 07.03.2018 (løypemelding) | Reglementet §14 FN-sak 5/17 |
| 9. | <p>Rapportering til KMD:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fråsegn til budsjett- og økonomiplan 2018 og 2019 for Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar. - Prosess og rapporteringsform vert avklara nærare med KMD. | 1.kvartal 2018 (1.kvartal 2019) | FN | Fellesnemnda 07.03.2018: Fråsegn til KMD, jf. innd.lova §26. | Reglementet §9 |
| 10. | <p>Politisk og administrativ hovudstruktur:</p> <ul style="list-style-type: none"> - FN-AU har mandat til å arbeide vidare med forslag til politisk organisering for den nye fylkeskommunen i samarbeid med fylkesrådmennene/prosjektleiar. - FN vurderer nærare når det tenleg å gjere endringar som følgje av overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. - FN har gjeve prosjektleiar/framtidig fylkesrådmann fullmakt til å gjere administrativ organisasjonsutforming/ tilpassing. | 2.kvartal 2018 | FN-AU FRM | Fellesnemnda 03.05.2018 (ev. løype- melding) | Reglementet §7 Intensjonsplan kap. 4 FN-sak 6/17 (politisk) FN-sak 4/17 (delegering) |
| 11. | <p>Fond SF, jf. intensjonsplan kap. 7.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fellesnemnda vedtek vedtekter for fondet. | Tidspunktet vert avklara seinare | Fellesnemnda | Fellesnemnda 03.05.2018 (løypemelding) | Intensjonsplan kap. 7 |

| | | | | | |
|-----|---|--------------------------------|--|-----------------------------|---|
| 12. | Godkjenning av reglement, delegering m.m. for politiske organ. | 3.kvartal 2018 | Fellesnemnda | Fellesnemnda 20.09.2018 | |
| 13. | Administrativ toppleiing – tilsetjingsprosess: - Prosjektleiер/framtidig fylkesrådmann startar prosessen, ev. i samarbeid med eksternt rekrutteringsbyrå. Framtidig administrasjonssjef avgjer tilsetjingar seinast 1.kvartal 2019. | 1.kvartal 2019 | Prosjektleiер (framtidig fylkesrådmann.) | Jf. møte-/aktivetsplan 2019 | Reglementet §7 Intensjonsplan kap. 4.2 |
| 14. | Tilsetjing/innplassering andre leiарar: - Prosessen må avklarast nærare mellom prosjektleiер og fylkesrådmennene. | 1.kvartal 2019 | Prosjektleiер (framtidig fylkesrådmann.) | Jf. møte-/aktivetsplan 2019 | Reglementet §7 Intensjonsplan kap. 4.2 |
| 15. | Budsjettarbeid for 2020 til den nye fylkeskommunen: - Fellesnemnda startar budsjettarbeidet (ev. som «finansutval»). - Prosess og arbeidsform må avklarast nærare mellom prosjektleiер og fylkesrådmennene, og drøftast i fellesnemnda. | 1.kvartal 2019 (heile 2019) | Fellesnemnda. Prosjektleiер (framtidig fylkesrådmann). | Jf. møte-/aktivetsplan 2019 | Reglementet §8 |
| 16. | Fysiske/bygningsmessige tiltak: - Fagleg vurdering m.a. basert på fastsett administrativ organisering. - Iverksetting av tiltak/tilpassingar. Prosess må avklarast nærare mellom prosjektleiер og fylkesrådmennene, og drøftast i fellesnemnda. | Etter 01.01.19 | Prosjektleiер (framtidig fylkesrådmann) | Jf. møte-/aktivetsplan 2019 | |
| 17. | Revisor og sekretariat for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen: - Prosess startar opp. - Vedtak i fellesnemnda skjer etter innstilling frå Kontrollutvala i begge dei to fylkeskommunane. | Etter 01.01.19 | Fellesnemnda | Jf. møte-/aktivetsplan 2019 | Reglementet §14 |
| 18. | Administrativ organisering – endeleg fastsetjing: - Innplassering av alle tilsette. - Lokalisering av funksjonar (arbeids-/funksjonsdeling m.m.). | 2.kvartal 2019 | Prosjektleiер (framtidig fylkesrådmann) | Jf. møte-/aktivetsplan 2019 | Reglementet §7 Intensjonsplan kap. 4 |

| | | | | | |
|-----|--|-----------------|-------------------------|------------------------------------|-----------------------|
| 19. | Val av nytt fylkesting: - Valstyre utpekt av fellesnemnda. | 3.kvartal 2019 | Valstyre | Jf. møte- /aktivetsplan 2019 | Intensjonsplan kap. 3 |
| 20. | Nytt fylkesting avløyer fellesnemnda: - Nytt fylkesting skal kallast saman til konstituerande møte innan utgangen av oktober månad. | 4. kvartal 2019 | Nytt fylkesting | Jf. møte- /aktivetsplan 2019 | |
| 21. | Utvida funksjonsperiode for eksisterande fylkesting: - Funksjonstida for eksisterande fylkesting varer fram til iverksettingsdato 1.1.2020. - Ansvar og fullmakter er avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane. | | Eksisterande fylkesting | Jf. møte- /aktivetsplan 2019 | |
| 22. | Iverksetting ny fylkeskommune. | 01.01.2020 | Nytt fylkesting | | |

3.2 Etablering av nye kommunar og fylkeskommunar – KMD sin rettleiar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar «Etablering av kommunar og fylkeskommunar» finn ein ved å gå inn [her](#).

Dokumentet avklarar ei rekkje praktiske og administrative spørsmål knytt til samanslåingsprosessen som fellesnemnda skal leie, og vert trykt opp for utdeling til fellesnemnda sine medlemmer.